



Lindås kommune - Teknisk drift
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3634 - 17/5378

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
22.02.2017

Dispensasjon og rammeløyve for etablering av vassleidning Kleivdal - Fammestad - gbnr 206/1 Kålås m fl

Administrativt vedtak. Saknr: 073/17

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak og planstatus

Byggesaksavdelinga har motteke søknad om dispensasjon og rammeløyve for etablering av ny overføringsleidning for vatn mellom Kleivdal og Fammestad. På land ligg traséen i LNF-område i kommuneplan for Lindås 2011 – 2022.

I vatn er arealbruken Bruk og vern av sjø og vassdrag. Planen opnar for legging av leidningar i sjø og vassdrag i føresegnene pkt 6.2 . Det er såleis berre ein liten del av traséen som må ha dispensasjon: 180 m i grøft På land (og 290 m i borehol). Resten, 5.570 m leidning skal senkast ned på botn i 3 vatn.

Orientering om prosjektet

Kløve vassverk er i dag eit isolert vassverk med eigen råvasskjelde (Haugsvatnet) og eige reinseanlegg i form av membranfiltrering. Haugsvatnet er ei lågtliggjande kjelde med høgt fargetal og kostbar reinsing. Anlegget går mykje med maksimal kapasitet og er svært sårbart for auka forbruk i form av tørkeperiodar og lekkasjar. Kostbare deler i form av alle membranar forventast å måtte skiftast ut i nær framtid.

Ettersom dagens Kløve Vassverk har sterkt avgrensa totalkapasitet hindrar det vidare utbygging i dette området av kommunen.

Osterfjordområdet frå Leknes og til Ostereidet har einvegs og sårbar forsyning i dag. Det foregår for tida ei omfattande industriutbygging i dette området i tillegg til stadig meir busetnad. I hovudplan for vassforsyning er denne delen av kommunen forutsett sikra med ringleidning frå Kløveområdet. Det forutset at Kløveområdet og vidare vert forsynt frå Storavatnet og hovudvassverket.

Kommunen ser ingen andre moglegheiter for å få løyst desse samfunnsoppgåvene pr i dag enn å få etablert den omtalte nye hovudleidningen mellom Kleivdal og til Fammestad og ser difor på denne som samfunnsmessig svært viktig.

Anlegget omfattar:

1. 1980m vassleidning i Storavatnet
2. 290m vassleidning i borehol gjennom fjell mellom Storavatnet og Høylandsvegen
3. 180m vassleidning i grøft langs skogsveg og i terreng fram til Mørketjørna
4. 540m vassleidning i Mørketjørna
5. 110m vassleidning i kanal mellom Mørketjørna og Tveitavatnet
6. 3050m vassleidning i Tveitavatnet og Hegernesvatnet
7. 70m stikkleidning (63mm) til bustader langs Høylandsvegen

Arbeid som skal utførast på land:

1. borehol gjennom fjell til Storavatnet vil bli utført frå terreng, sør for Høylandsvegen på Søreidet
2. fram til Høylandsvegen vil røyrleidningsgrøft bli grava i terreng med om lag lengde 13m.
3. vassleidning vil krysse under Høylandsvegen ved å presse eit stålrøyr i massar under vegbanen.
4. røyrleidningsgrøft gravast vidare om lag 78m i skogsveg
5. fram til Mørketjørna gravast grøft i terreng av myr/gjengrodd vatn i ein lengde på rundt 86m. Dagens bekefar til Mørketjørna vil bli oppretthaldt som i dag.

Søknad

Frå dispensasjonssøknaden:

Leidning vil hovudsakleg bli lagt på botn i ferskvatn. På land vil trase følgje skogsveg kor dette er mogleg. Inngrep i terreng vil haldast på eit minimumsnivå og alle vassføringsveger vil bli oppretthaldt. Terreng blir tilbakeført slik at naturleg vegetasjon kan bli etablert over røyrtrase. Tiltaket vil ikkje vere synleg etter anleggsslutt.

På vegne at tiltakshavar meiner vi at bygging av ny hovudvassleidning vil gi store fordelar til lokalsamfunn i nordaustre del av Lindås kommune. Desse vil vere større enn dei ulempe som tiltaket førar til i areal avsett til LNF-område.

Viser elles til vedlagt søknad om rammeløyve motteken 17.11.2016 og søknad om dispensasjon motteken 19.12.2016 med grunngjeving motteken 19.01.2017 og **rapporten om naturmangfald frå NNI Resources AS datert desember 2016.**

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen, frå byggeforbodet i strandsona langs sjø og vassdrag frå byggegrensa langs fylkesveg i kommuneplanen .

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken 17.11.2016. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 25.11.2016. Dokumentasjon vart motteken ved e-post frå ansvarleg søkjar 19.12.2016 og 19.01.2016. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden, og den tida søknaden har vore på høyring.

Kommuneplanen

Plankart: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317821615791.pdf>

Føresegner: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317825466359.pdf>

Forhold til naboar og grunneigarar i traséen

Søknad om løyve til tiltak er nabovarsla med rekommandert sending. Dispensasjonssøknaden er varsla med brev til grunneigarane. Søkar opplyser at anlegget ikkje vil vera synleg når vegetasjonen er reetablert etter anleggsslutt bortsett frå to kumlukk.

Det er ikkje registrert merknader til søknad frå grunneigarar.

Rapporten om naturmangfald frå NNI Resources AS datert desember 2016 (vedlagt)

deler dei berørte områda på land inn i 4 soner, der to av sonene gjeld leidningar som er lagt ut tidlegare (sone 1 og sone 4).

6.3 Sone 2 Området ved Søreidet

Vannledningen ved Søreide, øst i Storavatnet, vil få et påhogg for tunnelen under vann, dvs. det blir ingen nye inngrep i landmiljøet (Fig. 11). Tunnelen skal så gjennom den bratte åsen mot Høylandsvegen lengre øst. Tunnelen vil komme ut ved Høylandsvegen (se neste kapittel). Åsen er dominert av lyngfuruskog, type blåbærfuruskog (jfr. Fremstad 1997), men ved veien i øst der tunnelen kommer frem i dagen står det en rekke med eldre grantrær. Det akvatiske naturmiljøet som blir påvirket ved Søreide rommer ingen spesielle naturverdier, dvs. kun lokal verdi.

6.4 Sone 3 Området ved Mørkatjørna

Fra Høylandsvegen (jfr. Fig. 8) er fremføring av vannledning planlagt i en nedgravd trasé der det i dag er en mindre skogsvei. Det siste avsnittet, fra skogsvei og ned frem til Mørkatjørna, vil berøre blandingsskog med bjørk og noe plantet gran, gjennomgående med lyngskog som viktigste type. Skogavsnittet er påvirket av skogbrukets aktiviteter via skogsvei, hogst og litt nyplanting av gran, men ligger tett opp til intakt lavlandsmyr. Myr ved Mørkatjørn (sør), har en liten gjennomgående bekk, som helhetlig naturtype har området en god naturtilstand av verdi. Planlagt berørt skogareal (og eksisterende skogsvei) har liten verdi i naturmangfoldsammenheng. Et klart avbøtende tiltak og hensyn er at myrpartiet og våtmark inn mot Myrkatjørna berøres i minst mulig grad. Myrflaten har en velutviklet gradient fra sør mot nord, ned til strandsonen i Mørkatjørna (Fig. 12 og 13). På befaringsstidspunktet (13. og 16. desember 2016) ble kun få fuglearter observert (ravn, gjerdesmett og stjertmeis). Skogsnaturen som omgir Mørkatjørna er forskjellig i vest og i øst. På vestsiden, og tett ned mot Mørkatjørna, dominerer eldre, tette granplantinger. I øst er naturskog av typen lyngfuruskog, med bjørk som viktigste løvtreinnslag. Kystfuruskogen i øst er av middels alder, med innslag av en del dødt trevirke. Ferske spor etter den hensynskrevende hvitryggspetten ble

påvist flere steder og habitatet er passende for arten (som er standfugl). Vannledningen skal imidlertid legges i vann i selve tjernet, dvs. skogarealer på begge sider av Mørkatjørna blir ikke berørt av tiltaket, bortsett et kort avsnitt fra skogsveien og ned i strandsonen i Mørkatjørn. Det er viktig at ledningstraséen ikke berører myrflaten og den ytre delen med overgang til åpent vann, men lokaliseres litt mot nord, uten for denne sonen (Fig. 14).

Ved nordenden av Mørkatjørna er vannledningen planlagt i kanalen mellom Mørkatjørna og Tveitavatnet (Fig. 8). Mellom Tjernet og Tveitavatnet er kanalen naturlig, uten at forskjell i vannstand ble observert ved befaringen 13. desember. Sannsynligvis er det mulig å fremføre vannledningen uten særlige inngrep i det lokale naturmiljøet som her har en god tilstand, dvs. med intakte naturforhold. Samlet sett har Mørkatjørna myrpartier med en god tilstand, med en velutviklet gradient fra den indre delen av myrflaten til de torvmosedominerte ytre partier av myren. Lavlandsmyr som naturtype er nasjonalt påaktet med rødlistestatus (Artsdatabanken). Området har derfor samlet sett en middels verdi.

7 SAMLET VURDERING

For å kunne gi en samlet vurdering av tiltaksområdenes verdi for naturmangfoldet, dvs. naturmiljøer med både naturtyper og arter, har vi først vektlagt om naturtypene har en karakteristikk og økologisk status som har naturfaglig og forvaltningsmessig interesse mht å unngå inngrep og reduksjon i verdier. Over 92% av vannledningstraséen er imidlertid planlagt lagt i vann (Hegernesvatn, Tveitavatn, Mørkatjørn og Storavatnet), dvs. med mindre inngrep i terrestrisk (land) natur. Den lengste strekningen, mellom Storavatn øst og Mørkatjørna sør, er planlagt lagt i liten tunnel/borrehull, noen som reduserer inngrep på land mye og med liten negativ konsekvens.


Av berørte landpartier ved Kleivdal og ved Fammestad, dvs. der vannledningen allerede er ferdig lagt, er det sannsynligvis ikke viktige funksjoner for planter og dyr (inkl. kjente leveområder for rødlistede fuglearter i Fammestadområdet – se omtale av det området i rapporten). Potensielt er konfliktpotensialet noe større ved sør- og nordenden av Mørkatjørna, som pt har en god status mht økologi og inngrep, og med en naturtype som har stor nasjonal oppmerksomhet (lavlandsmyr er nå en rødlistet naturtype – jfr.

Artsdatabanken oversikt over rødlistede naturtyper). Ved å bruke eksisterende skogsvei som trasé i dette området (som planlagt), samt å trekke overgangen til vann i Mørkatjørna litt mot nord (vist i rapporten, jfr. kap. 6,4), unngås inngrep i denne verdifulle naturtypen. Tilsvarende også i nord der vannledningen kan legges i naturlig kanal mellom Mørkatjørn og Tveitavatnet.

Når det gjelder virkninger på vannmiljøet der vannledningen er planlagt i de 4 innsjøene/vannene (jfr. Fig. 7 og Fig. 8), vurderes konsekvensene som små, dvs. ubetydelig til liten negativ konsekvens for planter og dyr. Gjennomføring av anleggsarbeidet vil kunne ha forstyrrende virkninger på fugler og dyr hekke/yngetiden, noe som kan avbøtes ved gjennomføring av arbeidet utenom månedene april til juni.

Ved å ta hensyn til myrområder ved Mørkatjørna mht fysiske inngrep, vil etablering av en ny vannledning mellom Fammestad og Kleivdal samlet sett ha en liten negativ konsekvens for naturmiljøet.

Kommuneplanen



Kart frå NNI-rapport 472




Fig. 1. Lokalisering av tiltaksområdet sentralt i Lindås kommune. Kartkilde: Finn.no.




Fig. 2. Trasé for ny vannledning mellom Fammestad og Kleivdal er vist i kartet.

Uttale frå andre styresmakter

Søknaden har vore sendt på høring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og internt i kommunen.

Uttale frå planavdelinga i kommunen

Tiltaket er viktig for å sikre forsyningstryggleik, og drikkevasskvalitet.

Planavdelinga ber om at tilrådingane som NNI gir i rapport 472/2016, oppsummert i kapittel 7, vert ivareteke så langt råd er i tiltaket.

Ut over dette har ikkje planavdelinga merknader til tiltaket.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan 1, 2 og 3, mottekne 17.11.2016

VURDERING:

Pbl § 12-1

Pbl § 12-1, tredje ledd, første punktum lyder: *For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan.*

Tiltaket går over ein strekning på ca 6 km, men det vil ikkje få særlege verknader utanfor sjølve leiingstraséen, ved korrekt og omsynsfull utføring av arbeidet, slik det er tilrådd i **rapporten om naturmangfald frå NNI Resources AS datert desember 2016**. Leiingen i vatn medfører ubetydelig til liten negativ konsekvens. Ved å ta omsyn til myrområda ved Mørkatjørna med omsyn til fysiske inngrep, vil etablering av ny vassledning mellom Kleivdal og Fammestad samla sett ha liten negativ verknad for naturmiljøet.

Etter kommunen si vurdering er tiltaket så godt opplyst at det kan godkjennast utan krav om reguleringsplan.

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggest særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggest særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Moment som talar mot godkjenning:

- Tiltaket er i strid med LNF-føremålet i kommuneplanen, med byggeforbodet i strandsona og byggegrensa mot fylkesveg
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Det har ikkje komme merknader frå naboar eller andre styresmakter.
- Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad forstyrra landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.
- Tiltaket er viktig for sikring av vassforsyning til området
- Meir enn 90 % av leidningen skal leggest i vatn utan fysiske inngrep i naturmiljøa

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei oppgradering og forbetring av eksisterande vassforsyning I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på samfunnsinteressene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det må ligga føre grunnavtalar før arbeid på land og i strandsona kan settast i gang.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Søkar har lagt fram **rapporten om naturmangfald frå NNI Resources AS datert desember 2016**, der prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er vurdert.

Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn og finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova dersom dei råda som er gjeve i rapporten vert følgt.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (verknad av kommuneplanens arealdel) og § 1-8 (byggeforsbod i strandsona) for etablering av vassleidning i samsvar med søknad.

Dispensasjonsvedtaket vert sendt til fylkesmannen for klagevurdering.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av vassleidning på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan nr 1, 2 og 3, mottekne 17.11.2016, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Arbeidet skal gjennomførast slik det er tilrådd i rapporten om naturmangfald frå NNI Resources AS datert desember 2016.**
- 3. Det må hentast inn løyve frå statens vegvesen før kryssing av fylkesvegen**
- 4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før ferdigattest kan skrivast ut**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dispensasjonsløyvet og ramme løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 16/3634**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av anlegget må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan 1

Situasjonsplan 2

Situasjonsplan 3

Følgjeskriv rammesøknad

Søknad om dispensasjon

NNI Rapport 472 - 2016 - Vannledning Fammestad - Kleivdal i Lindås kommune. Naturmangfold - verdier virkninger

Nabovarsling dispensasjon

Grunngjeving av dispensasjonssøknad - gbnr 206/1 m fl Kålås

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Haugen VVA AS

Fabrikkgaten 7B

5059 BERGEN

Statens Vegvesen

Postboks 8142 Dep

0033 OSLO

Mottakrarar:

Haugen Vva As

Fabrikkgaten 7B

5059 BERGEN

Lindas kommune -Teknisk drift

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ